



Arkivsaknr: 2025/3197-3
Sakshandsamar: Trude Bruket
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Klagesak - avslag på søknad om prosjekttilskot - Eikanger kultur

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

	Utval for næring, kultur og idrett	
--	------------------------------------	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett opprettheld vedtak om prosjekttilskot til kunst - og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024, og avviser klagen frå Eikanger kultur.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Saka gjeld

Eikanger kultur søkte prosjektstøtte til å framføre "Spelet om Herman og Huldra" innan fristen 1. desember 2024. Vedtak om prosjektstøtte til kunst og kulturføremål etter denne søknadsfristen vart sendt ut til søkjarane 13.02.2025.¹

Eikanger kultur fekk inga tildeling til det omsøkte prosjektet, og har sendt klage på vedtaket, datert 12.03.2025² (vedlagt).

I følgje retningslinene for tilskot til kultur og idrett³ skal klagen handsamast i politisk hovudutval for kultur og idrett.

Saksopplysningar

Sju av 22 søknader fekk tilslag og 15 fekk avslag. Totalt tilskotsum for denne ordninga var kr. 145 000,- i denne søknadsrunden. Total søknadssum var 841 000 kr.

¹ Arkivreferanse: 2024/12111-38

² Arkivreferanse: 2025/3197-1

³ https://www.alver.kommune.no/artikkel/tilskot_kultur

I retningslinene står det at *«Manglande rapportering for tidlegare tildelte tilskot vil vere avslagsgrunn for nye søknadar.»*

I vedlegget til vedtak om tildeling låg det ved ei liste med oversikt over alle søknadane, med ei kort grunngjeving. I grunngjevinga for å ikkje tildela midlar til Eikanger kultur sin søknad om prosjektstøtte til «Herman og Huldra» sto følgande:

Søkjaren har ikkje rapportert på fleire tidlegare tilskot, og vert difor ikkje prioritert i denne søknadsrunden.

Søklar grunngjev klagen med at dei meiner at det er gjort sakshandsamingsfeil, sidan det i vurderinga står at dei ikkje har rapportert på fleire tidlegare tilskot. De ber om at søknaden om tilskot til «Spelet om Herman og Huldra» blir vurdert på nytt. Dei skriv at dei har sendt inn endringsrapportar, jamfør retningslinene for tilskota, men at dei ikkje har motteke svar på desse endringsrapportane.

Klagen vart framsett 12.03.2025. Men i forkant av dette har det vore ein dialog mellom kulturtenesta og søklar. Mellom anna stilte Eikanger kultur spørsmål per e-post 13.02.2025:

«Vi tar kontakt etter melding om at vi ikke er tildelt prosjekt-tilskudd til kulturformål grunnet at vi ikke har rapportert på flere tidligere tilskot. Av regelverket for tilskudd er det opplyst at dersom tiltaket blir utsatt eller endret, kan man sende inn endringsrapport. Dette er gjort, men vi oppfatter at dette ikke kan være registrert og tatt hensyn til.»⁴

Dei fekk svar på denne henvendinga per e-post 17.02.2025

«Hei (...).

Alle dei fem endringssøknadane du viser til er registrerte.

Me ser at teksten som grunngjev at de ikkje får tilskot i denne omgang dessverre ikkje er heilt presist formulert. I arbeidsdokumentet står det at "fleire prosjekt ikkje er avslutta." Ordet "avslutta" burde ha erstatta ordet "rapportert" i teksten som vart sendt ut.

Det er avgrensa midlar til tildeling og mange gode tiltak som vert søkt støtte til. Sidan de per no har fleire prosjekt som ikkje er avslutta vert søknaden om tilskot til Spelet om Herman og Huldra dessverre ikkje prioritert i denne søknadsrunden.»⁵

Klagar viser også til at dei meiner at avslaget om prosjektstøtte frå kommunen kan få konsekvensar for vurdering av årets søknad til Vestland fylke. Dei viser til ein setning frå retningslinene for tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv i Vestland fylke⁶ om at *«kommunane skal leggja til rette for å sikra eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider.»* Vidare skriv Eikanger kultur at: *«Søknaden blir vurdert ut fra kriteriet at prosjektet*

⁴ Arkivreferanse: 2024/12111-41

⁵ Arkivreferanse: 2024/12111-42

⁶ <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--frivillig-kulturlivny-side/>

har støtte og forankring kommunalt.» Slik me les fylket sine retningslinjer betyr ikkje dette at eit prosjekt må ha økonomisk støtte frå kommunen for å få støtte frå fylket.

Kulturtenesta i kommunen har også etter førespurnad skrive eit uttale om støtte til kultursatsinga «Det historiske spelet om Herman og huldra» juni 2025,⁷ som Eikanger kultur ville leggja ved søknaden til fylket.

Eikanger kultur er aktive og har fått til mykje. Dei har også fått støtte til mange prosjekt og tiltak frå Alver kommune.

«Herman og Huldra» har fått kommunal støtte tidlegare. Tilskot frå Alver kommune til gjennomføringa i 2023 var på kr. 69 850,- jamfør rekneskapen. Det vart også bede om utbetaling av underskotsgaranti på kr. 15 000,- i tillegg til dette.⁸

Vurdering

I perioden då søknadane vart handsama var fire av prosjekta som Eikanger kultur fekk støtte til i 2024 enno ikkje avslutta.

Sett opp mot andre søknader/tiltak vart difor ikkje søknaden om tilskot til «Spelet om Herman og Huldra» prioritert i denne søknadsrunden.

Tildelingsutvalet si vurdering er at vedtaket om å ikkje tildela midlar til Spelet om Herman og Huldra står seg.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden frå Eikanger kultur bør avvisast.

Vedlegg

- 1 Klage til Alver kommune - kulturprosjekt.pdf
- 2 Vedtak om prosjekttilskot til kunst- og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024
- 3 Vedtak om prosjekttilskot til kunst- og kulturformål - søknadsfrist 01.12.2024
- 4 2024_12111 - Kultur - prosjekttilskot til kunst- og kulturføremål - søknadsfrist 01.12.2024

⁷ Arkivreferanse: 2025/2610-4

⁸ Arkivreferanse: 23/2749-70